

Imsland Bygdahus - gjeldfri jubilent

Marit Ø. Matre

Det var fullt til siste stol med over 200 personar på jubileumsfesten for bygdauset i Imsland lørdag.

Bygdahuset som er blitt knutepunkt i bygda og rommar dei fleste arrangement og aktivitetar. Det er ikkje ein gjeldstynga 10-åring det er snakk om. Reist og drive for ein stor del på dugnad, praktisk og nøkternt bygd - eit skikkeleg brukshus. Imsland Sparebank eig sin del av bygget, og elles har det vore god ballast å romma gymnastikksal for skulen samt bibliotek.

Imslandsbuen har klart å skapa eit miljø rundt arrangementa sine som ryktast også til andre bygdar. Det var nok difor ikkje tilfeldig at det var folk frå både Vikedal og Sandeid i salen på jubileumsfesten.

Vaktmeisteren sjølv, Lars L. Staurland, leia festen og det var eit variert program. Koret «Optimistgjengen» med Eivind Erslund i spissen song fleire friske melodiar. Bygdas eigen revymakar, Per S. Hustoft sto for kveldens prolog eller tale, som festleiareren kalla det. Tullpreik og rols kalla han det sjølv. Uansett, smilet klarar han iallefall å få fram hos tilhøyrarane med eit spark her og der både til sambygdingar og Skjoldabu.

Han fortalde at jentene i Vikedal lo når Imslandgutane i si tid lokka med at dei snart kunne komma på fest og dans i Imsland. Dei hadde ikkje tru på at det skulle komma hus for slikt der.



Varaordførar Erik Grønnestad (t.v.), Per S. Hustoft og Tomas Finnvik var med og feira bygdauset i Imsland lørdagskvelden. Dei to sistnemde også frå talarstolen.

- Men huset er blitt langt meir enn eit festhus, sa Hustoft. Det er ei storstove for bygda. Men me må ikkje ta det for sjølv sagt, me må fortsatt kjempa for det - behandla det som om det er vårt eige.

Elles nytta han sjansen til å piska litt opp i gammal bygdastrid, om «innante og utantebu». For det er ikkje berre i Vindafjord kommunestyre det er snakk om slike ting, men også internt i Imsland.

- Hadde me hatt våpen så er eg sikker på at det hadde gått liv då handelslags-krigen raste som verst, sa han. Me var splitter pine galne.

Tomas Finnvik var mykje med

heilt frå ein byrja planlegging av huset. På festen trakk han opp linene frå ein første gong var inne på tanken om bygdauset, og det var faktisk for heile 20 år sidan!

Han fortalde om vanskar og byråkrati, om dugnadsånd, støtte og små morsomme historiar frå byggetida og rekneskap, noko som etter applausen frå bygdafolket å dømme, nok vekte minner i nokon og einkvar.

Etter ein god middag vart det meir underhaldning, no med aktørar frå Imslandsrevyen, før Svein Terjes spelte opp til dans.

MAZDA

Gode brukte biler vil de alltid finne til rimelige priser.

NILS SØRHAUG A/S

Øvrregi. 133 - Tlf. 755522

**ETNE SAG
OG TRELAST A/S**
TONGANE TLF. 756800

- DIN



Bill. pris kr. 80,-

170

Imsland Bygdehus



Jubileumsfesten 11. november 1989